

Detaljregulering for industriområde i Elsakervågen, Onarheim

Planskildring med konsekvensutgreiing

Tysnes kommune

Dato 05.05.2020



Versjon	Dato	Skildring	Utarbeidd av	Kontrollert av
	05.05.2020	Innsending av planforslag til Tysnes kommune	KJS	ES

Innhold

1 Samandrag	- 5 -
2 Bakgrunn	- 6 -
2.1 Føremålet med planen.....	- 6 -
2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve	- 6 -
2.3 Krav om konsekvensutgreiing?	- 6 -
3 Planprosessen	- 7 -
3.1 Medverkande prosessar, varsel om oppstart, evt. planprogram	- 7 -
4 Planstatus og rammevilkår.....	- 8 -
4.1 Overordna planar og gjeldande reguleringsplan.....	- 8 -
4.2 Gjeldande reguleringsplanar	- 8 -
4.3 Tilgrensande planar	- 10 -
5 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve.....	- 11 -
5.1 Plassering av område og arealbruk i området	- 11 -
5.2 Kulturminne og kulturmiljø.....	- 14 -
5.4 Naturverdiar	- 14 -
5.5 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområde.....	- 15 -
5.6 Landbruk	- 15 -
5.7 Trafikktilhøve.....	- 15 -
5.8 Born sine interesser	- 19 -
5.9 Teknisk infrastruktur.....	- 19 -
5.10 Grunntilhøve.....	- 19 -
5.11 Støyttilhøve og anna ureining	- 19 -
5.12 Næring	- 19 -
6 Skildring av planforslaget.....	- 19 -
6.1 Planlagt arealbruk	- 19 -
6.2 Plassering av bygningar og utforming.....	- 23 -
6.3 Trafikkloysing	- 24 -
7 Konsekvensutgreiing	- 25 -
7.1 Konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta	- 25 -
7.2 Metode	- 27 -
7.3 Alternativ	- 29 -
7.5 Tematisk utgreiing.....	- 29 -
1. Landskap.....	- 29 -
2. Naturmangfold.....	- 31 -
3. Naturressursar på land og i sjø	- 36 -
4. Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming.....	- 38 -

5. Strandsone	- 40 -
6. Infrastruktur og trafikk.....	- 41 -
7. Ureining og miljø	- 42 -
7.6 Samla konsekvens.....	- 44 -
8 ROS analyse.....	- 45 -
8.1 Føremål.....	- 45 -
8.2 Metode	- 45 -
Kriteria for rangering av sannsyn	- 46 -
Kriteria for rangering av konsekvens.....	- 47 -
Vurdering av risiko og sårbarheit.....	- 48 -
8.3 Identifisering av moglege uønskte hendingar	- 48 -
8.3.1 Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe, lausmasseskred, kvikkleire)	- 49 -
8.3.2 Stormflo, høg vasstand, store bølgjer og stigning av havnivå, isgang	- 50 -
8.3.3 Trafikkulukker	- 51 -
8.3.4 Skipstrafikk	- 51 -
8.3.5 Industri og næringsliv i nærområdet	- 51 -
8.3.6 Ureining	- 52 -
8.3.7 Transport av/ ulukke med farleg gods	- 52 -
8.3.8 Brann og eksplosjon.....	- 52 -
8.3.9 Støy til omgjevnadane.....	- 52 -
8.4 Vurdering av risiko og sårbarheit av uønskte hendingar	- 52 -
8.5 Samanstilling.....	- 57 -
9 Verknadar/ konsekvensar av planforslaget	- 59 -
10 Innkomne merknadar	- 59 -
10.1 Samandrag frå innkomne merknader.....	- 59 -
11 Avsluttande kommentar.....	- 62 -
12 Vedlegg	- 62 -

1 Samandrag

Tysnes kommune har starta opp reguleringsarbeid i Elsakervågen ved Onarheim då gjeldande reguleringsplan er gammal, og ikkje eigna for vidare utbygging slik den er. Dette planforslaget tek i hovudsak føre seg å legge til rette for vidare utbygging av sjønære næringsareal, der Alsaker Fjordbruk AS held til i dag. Dei er allereie godt etablert i området, med kontor/administrasjonsbygg på Onarheim, og base/service-funksjonar i Elsakervågen. Det er blant anna behov for meir kaiplass i Elsakervågen, for å kunne ta i mot fleire og større oppdrettsbåtar som treng vedlikehald.

I gjeldande plan er store delar avsett til industri, men sørleg del av planområdet er lite utbygd. Det er etablert eit sambruksfjøs, med tilhøyrande dyrka mark og beite. Planen legg til rette for LNF-føremål på delar av dette arealet, i tillegg til at noko av arealet vert behalde som næringsareal.

Då planforslaget ikkje er heilt i tråd med avsett arealbruk i kommuneplanen, er det i planskildringa gjort ei konsekvensutgreiing av aktuelle tema.

2 Bakgrunn

2.1 Føremålet med planen

Gjeldande reguleringsplan er godt over 40 år gammal og moden for fornying. Eksisterande plan har reguleringsføremåla industri, offentleg trafikkområde og anna byggjeområde. Dagens aktivitet, framtidig drift og planlagt bruk av området gjer at planen ikkje lenger gir godt nok grunnlag for å planleggja vidare. Det har vore fleire reguleringsplanar i tilgrensande områder dei seinare åra, og kommunen ser behovet for ein ny plan for Elsåkervågen, for å følgje med utviklinga på Onarheim.

Noko over halvparten av arealet innafor ny plangrense for reguleringsplan for Elsåkervågen er i dag nytta til industri, kai og naustområde.

Resterande område på land er avsett til LNF-område og sjøarealet er kombinert føremål med eller utan tilhøyrande strandsone i gjeldande kommuneplan.

Bakgrunn for reguleringsarbeidet er samansett, det er trond for meir kai- og industriareal i direkte tilknyting til sjø, vegen må på sikt utbetrast og det er trond for ein reguleringsplan som opnar for mogleg vegutviding.

Det er ønskje frå grunneigarar sør i området at viktige beite og skogområde sikrast og regulerast til landbruksareal. Området vart ikkje vurdert som viktig landbruksareal i 1975 då eksisterande plan vart handsama, men landbruksføretak i planområdet nyttar no areal til beite rundt fellesfjøset der 3 einingar driv samdrift.

2.2 Forslagsstillar, plankonsulent, eigartilhøve

Ny reguleringsplan for Elsåkervågen er fremma som ein detaljreguleringsplan der Tysnes kommune er tiltakshavar, med Omega Areal AS som fagkunnig plankonsulent.

Regulering av areal som ikkje er i samsvar med arealbruk i kommuneplanen er godkjent og forankra politisk av formannskapet i Tysnes kommune.

Kommunen vil detaljregulere arealet i samband med si oppgåve som samfunnsutviklar og ynskje om å styre arealbruken gjennom til ein kvar tid tilgjengeleg planverktøy.

Planen tek til ein viss grad omsyn til dagens drift, men det er først og fremst ei regulering for framtidig bruk der det er teke lite eller inga omsyn til eideomsgrensene som ligg i kartet.

2.3 Krav om konsekvensutgreiing?


Planen har som føremål å legge til rette for industri på delar av område som er sett av til LNF- område i gjeldande kommuneplan. I samråd med kommunen har vi konkludert med at planen krev ei særskild vurdering av verknadane endringane vil ha for miljø og samfunn (konsekvensutgreiing). Planen fell ikkje inn under tiltak som krev eige planprogram. Det er gjort ei nærmare utgreiing av kravet til konsekvensutgreiing i kapittel 7 nedanunder.

3 Planprosessen

3.1 Medverkande prosesser, varsel om oppstart, evt. planprogram

Oppstart av detaljregulering er varsle i samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova. Grunneigarar, naboar, offentlege organ, organisasjonar og andre interesserte blei varsle med brev datert 06.06.2018. Planarbeidet blei og annonser i Bladet Tysnes og på kommunen og Omega Areal sine nettsider. Fristen for innspel vart sett til 18.07.2018.

Dei innkomne innspela ligg ved saka som eigne vedlegg og er oppsummert og kommentert i kapittel 10 under.



Varsel om oppstart av detaljregulering for industriområde i Elsakervågen, Onarheim – Tysnes kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informere om at Omega Areal as på vegne av Tysnes kommune skal utarbeide forslag til reguleringsplan for industriområde i Elsakervågen, gnr./bnr. 154/25, 26 m.fl og gnr./bnr. 153/1 m.fl i Tysnes kommune. Varsel om oppstart er lagt ut på helmesida til Tysnes kommune og areal.omega.no/kunngjoringer.

Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til byggeområde for industri, andre typar busetnad og anlegg og LNF-område. Området i sjø er sett av til kombinert føremål, samst at eit område er sett av til fiske. Ny plan skal erstatta gjeldande reguleringsplan for Langeland, gnr. 154 frå 1976.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av kal- og sjøarealet der Alsaker Fjordbruk AS held til i dag og å legge føringer for resten av området. Utbering av tilkomstvegen (fv. 78) til industriområdet kan og bli aktuelt.

For nærmere informasjon kan du kontakta Omega Areal as, tlf 975 40 000.


Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til **Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller areal@omega.no - innan 18.07.2018.

Figur 1 - Avisannonse i Bladet Tysnes

4 Planstatus og rammevilkår

4.1 Overordna planar og gjeldande reguleringsplan


Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til byggjeområde for industri, andre typar busetnad og anlegg og LNF-område. Området i sjø er sett av til kombinert føremål, samt at eit område er sett av til fiske.



Figur 2 - Utsnitt av gjeldande kommuneplan, kjelde: kommunekart.com


4.2 Gjeldande reguleringsplanar

Gjeldande reguleringsplan for Langeland, gnr. 154 frå 1976 innanfor planområdet, og ny plan skal erstatta denne.



Figur 3 - Gjeldande reguleringsplan for delar av planområdet, kjelde: communekart.com


Det er ein gjeldande reguleringsplan for Fylkesvegen, Reguleringsplan for Fv78, Skorpokrysset – Øygjorda frå 1993. Ein mindre del av denne inngår i planområdet. Planen legg til rette for ei oppretting/omlegging av fylkesvegen (Fv 5076 frå 2019), der traseen er lagt lenger vekk frå planområdet. Planen er ikkje realisert.



Figur 4 - Utsnitt av reguleringsplan for fylkesvegen, kjelde: Tysnes kommune

4.3 Tilgrensande planar

På sjøsida av fylkesvegen i nord, grensar planområdet til reguleringsplan for Alsaker Brygge sør (frå 2017), der det er område regulert til nye bustadar og småbåtanlegg nærmest planområdet. I denne planen er det også sett av areal til industriføremål og anlegg i sjø.



Figur 5 - Gjeldande reguleringsplan for Alsaker Brygge sør - gnr. 153 bnr. 1 mfl., kjelde: kommunekart.com

5 Skildring av planområdet, eksisterande tilhøve

5.1 Plassering av område og arealbruk i området.

Elsakervågen ligg inst i ei vik på Onarheim på øya Tysnes. Landskapet stig bratt opp frå sjøen, og ein har breitt utsyn mot Kvinnherad i nordaustleg retning.



Figur 6 - Foto teke frå industriområdet mot nordaust, kjelde: Omega Areal AS

Ein del av planområdet er ubyggd, medan området nede ved sjøen inst i vika vert nytta til industri og naustområde. Det er eit fjøs der det blir drive eit sambruk sør i planområdet. Rundt planområdet er det nokre fritidsbustadar på andre sida av vika, og eit mindre bustadområde på andre sida av fylkesvegen høgare oppe.



Figur 7 - Bilete frå industriområdet, fellesfjøset ligg i bakgrunnen, og vegen ned frå fylkesveg 5076 ligg til høgre i biletet, kjelde: Omega Areal AS




Figur 8 - Naust innanfor planområdet, kjelde: Omega Areal AS

Figur 9 - Foto frå Elsakervågen, med naustområdet på høgre sida, og ein fritidsbustad på andre sida av vika, utanfor planområdet, kjelde: Omega Areal AS

Planområdet er på om lag 153 daa, der areal i sjø utgjer ca. 44 daa av dette. Etter varsel om oppstart har plangrensa i sjø vorte utvida noko i nord, sjå figur under. Utvidinga er i samråd med kommunen ikkje varsle

gjennom nytt oppstartsvarsle, men høyringspartar vil få moglegheit til å komme med innspel til denne justeringa i samband med høyring av planforslaget.




Figur 10 - Planområdet, grå stipla strek viser plangrensa ved varsel om oppstart, og svart stipla strek viser ny plangrense

5.2 Kulturminne og kulturmiljø

I samband med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid vart det gjennomført ei arkeologisk registrering av Hordaland (nå Vestland) fylkeskommune i området. På ei flate kring 16-17 moh. om lag 110 meter søraust for fjøset på gnr. 154 bnr. 37 vart det registrert ein funnstad. I prøvestikket vart det funne eit flintavslag. Det vart grave fem prøvestikk i nærleiken for å avgrense lokaliteten, men det vart ikkje gjort funn i nokon av dei. Utan meir sikre funn er det i følgje fylkeskommunen vanskeleg å definere dette som ein automatisk freda lokalitet.

Utanfor planområdet er det to område med kulturminne som er automatisk freda.



Figur 11 - Kart over registrerte arkeologiske funn, kjelde: askeladden.ra.no

5.4 Naturverdiar

Terrenget i planområdet består av åsar og fjellryggar med skiftevis berg og myr i mellom. Vegetasjonen i området består i hovudsak av lauvskog med enkelte bartre. Nord i planområdet finn ein lauvskog med særhøg bonitet jf. Bonitetskart frå NIBIO. Området har ikkje spesielt stor naturverdi, men dette er eit tema som vert nærmare utgreidd i konsekvensutgreiinga i kapittel 7.

5.5 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområde


Sjølve planområdet har avgrensa rekreasjonsverdi for ålmenta, då området i hovudsak er ulent der det ikkje er utbygd med industri eller landbruk. Nausta med tilhøyrande brygger har verdi for eigarane av dei, og på motsett side av vika ligg det nokre fritidsbustadar som har utsyn mot planområdet. Friluftsliv er eit av tema som vert vurdert gjennom konsekvensutgreiinga, kapittel 7.

5.6 Landbruk

Det ligg eit større fjøs sør i planområdet med omkringliggende beitemark og noko fulldyrka jord. Fjøset er ei samdrift mellom fleire, og desse har bidratt med innspel for sitt område i reguleringa. Området er i dag regulert til industri, og for dei er det viktig å sikre vidare landbruksdrift, med moglegheit for vidareutvikling. Landbruksverdiar i området vert vurdert i tema Naturressursar i konsekvensutgreiinga nedanunder.

5.7 Trafikktilhøve

Planområdet ligg aust på Tysnes. Kommunesenteret Uggdal, og tettstaden Våge ligg på vestsida av øya. Øya er forbunde med ferje i sør til Jektavik i Stord kommune, og frå Våge til Os og Bergen i nord. Planområdet kan nås via veg i ytterkant av øya, i tillegg til at det går ein veg (Fjellvegen) tvers over øya mellom Onarheim og Uggdal.



Figur 12 - Oversiktskart over infrastrukturen på Tysnes, planområdet er merka med raud pil, kjelde: Kommunekart.com

Lokalt er det fylkesveg 5076 (Flakkavågvegen) som leier fram til Espevikvegen (fylkesveg) som går gjennom planområdet. Vegstandarden i området er låg, med smale svingete og stadvis bratte vegar. Til gjengjeld er det avgrensa trafikkmengd, med 3-400 ÅDT på Flakkavågsvegen (fartsgrense 50 km/t) og 150 ÅDT på

Espevikvegen (80 km/t). Langs Flakkavågvegen er det regulert fortau langs vegen på delstrekningar, men dette er ikke bygd. Det går buss mellom Hodnanes og Våge, forbi planområdet nokre gonger til dagen.



Figur 13 – Foto som viser avkøyringa til Elsakervågen (nordfrå, frå Onarheim), kjelde: google.no/maps



Figur 14 - Bilete av vegen (frå sør). Det er vanskeleg å sjå krysset som går ned til Elsakervågen frå dette punktet, kjelde google.no/maps



Figur 15 - Sikt mot sør fra Espevikvegen, kjelde: google.no/maps



Figur 16 - Sikt mot nord - Onarheim, kjelde: google.no/maps

5.8 Born sine interesser

Det er nokre bustadar lenger oppe i lia på andre side av Flakkavågvegen, men det er lite tilbod for born og unge i området.

5.9 Teknisk infrastruktur

Planområdet er tilkopla eksisterande vass og avlaupssystem. Det er Onarheim vassverk, som ligg på Onarheim som leverer vatn til planområdet.

5.10 Grunntilhøve

I følgje lausmassekarta til NGU består området av bart fjell med stadvis tynt dekke. Vi har ikke grunn til å tru at det er problem med stabilitet i området.

Det er ikke registrert fareområde for skred, men i følgje aktsemdkarta til NVE er det på grunn av bratt terregn potensiell fare for snøskred i planområdet. Dette er nærmere vurdert i ROS-analysen.

5.11 Støytihøve og anna ureining

Vi er ikke kjent med at det er problem med støy- eller ureining frå eksisterande verksemder i planområdet i dag. I samband med industriaktivitet kan det oppstå slike utfordringar, som kan gi ulemper for nærliggande busetnad. Det er difor viktig å sikre akseptable forhold for begge funksjonar gjennom plankart og føresegner.

Støy og anna ureining er vurdert gjennom konsekvensutgreiinga, kapittel 7.

5.12 Næring

Onarheim og Elsakervågen er eit viktig område for næringsverksemda Alsaker Fjordbruk AS. Gjeldande reguleringsplan er gammal og ikke heilt i tråd med faktisk utbygging. Kommunen ynskjer å legga til rette for næringsutvikling i kommunen, og har difor valt å ta på seg oppgåva med å regulere området for å sikre framtida til dei næringsdrivande i området, samstundes som ein ivaretok samfunnet og naturen.

6 Skildring av planforslaget

6.1 Planlagt arealbruk

Industriverksemda i Elsakervågen ynskjer å utvide kaiområda sine, då dei blant anna har behov for auka kapasitet for vedlikehald av båtar knytt til oppdrettsnæringa. I samband med eksisterande drift kan de også verte aktuelt å utvide verksemda sørover, på sørsida av Espevikvegen.

Med realisering av den gjeldande reguleringsplanen som grensar til planområdet i nord har ein moglegheit til å kunne knyte saman Onarheim og Elsakervågen med ei samanhengande utbygging. Ein får då lagt til rette for betre trafikkforhold med etablering av fortau langs fylkesvegen, fleire bustadomtar og variert aktivitet langs sjø.

Sørleg del av planområdet er delvis behalde som industriføremål, men det er sett av areal til LNF-føremål for å legge til rette for den landbruksnæringa som er etablert i området i dag.

Planforslaget omfattar følgjande føremål:


<i>Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)</i>		<i>Sum (m²)</i>
Bustadar, BB	Innanfor området kan det førast opp einebustadar (35%BYA) eller fleirmannsbustadar (45% BYA)	7 344
Industri, BI1 og BI2	Område sett av til bygningar (80% BYA) og installasjonar for industri, havbruk og sjøretta næring, kontor og kai.	36 478
Småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone, BS	Eksisterande kai med flytebrygge i tilknyting til eksisterande naustområde.	107
Naust, BN	Område med eksisterande naust. Føresegnene opnar for bygging av naust i samsvar med føringer i kommuneplanen.	4 330
<i>Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)</i>		<i>Sum (m²)</i>
Veg, o_V1 og o_V2	Offentlege vegar (fylkesvegar).	3 665
Køyreveg, f_KV1-f_KV5	Felles køyrevegar for tilgrensande felt. F_KV5 er ein liten del av avkjørsle til bustadområde i tilgrensande detaljregulering for Alsaker Brygge sør.	1 209
Fortau, o_SF1-o_SF3	Offentleg fortau langs Flakkavågsvegen	431
Anna veggrunn – tekniske anlegg, SVT	Område avsett til anna veggrunn langs Espenvikvegen.	4 190
Kai, SK	Område i sjø, der det kan fyllast ut og etablerast kai knytt til industriområdet.	21 803
<i>Landbruks-, natur- og friluftsformål (PBL § 12-5 nr. 4)</i>		<i>Sum (m²)</i>
Landbruksføremål, LL	Område avsett til landbruksføremål	47 163
Friluftsformål, LF	Område avsett til friluftsformål	4 823
<i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5 nr. 5)</i>		<i>Sum (m²)</i>

Ferdsle, VF	Område avsett til ferdsle for båtar	21 788
Total sum		153 334

<i>Omsynssoner (PBL § 12-6)</i>	
Frisikt, H140	Frisiktsoner i kryss/avkørsler
Gul støysone iht. T-1442, H220	Støysone langs fylkesveg. Støykartlegging utført av Statens vegvesen.

<i>Føresegnsområde (PBL § 12-7)</i>	
Føresegnsområde, #	Føresegnsområde #1 er sett av til etablering av leikeplass innanfor felt BB. Endeleg plassering/utforming skal avklarast gjennom teknisk plan.

Området ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø, og planen legg opp til utbygging i denne sona. På plankartet er det lagt inn byggegrenser, der ein del av desse er samanfallande med føremålsgrensa, som gjer at dei ikkje vert synlege. Illustrasjonen under viser inntekna byggegrenser med tjukk raud stipning.



Figur 17 - Plankart med føreslårte byggegrenser (raude stiple streker)

6.2 Plassering av bygninger og utforming

6.2.1 Bustadar, BB

Innanfor byggjeområde BB er det opna for bygging av inntil 8 bueiningar i fleirmannsbustad eller 3 einebustadar. Byggjehøgd for fleirmannsbustad er sett til 12 meter, medan einebustadar skal vere maksimalt 9 meter ved mønt tak, og maksimalt 8 meter ved pulttak og flatt tak. Grad av utnytting er sett til 45% BYA ved fleirmanssbustad og 35% BYA ved einebustad. Garasje/bod inngår i utnyttingsgrad, men utandørs oppstillingsplass for vil vert ikkje medrekna.

Det skal etablerast minimum 1,5 parkeringsplassar for bil per bustad under 100 m², og minimum 2 parkeringsplassar for bustad over 100 m². Alle bueiningar skal ha min. 7 m² eigna privat areal for uteopphald som er skjerma for innsyn og har gode solforhold. Arealet kan vera terrassar, takterrassar, balkongar, altanar og liknande.

Det er i føresegne stilt rekkjefølgjekrav for opparbeiding av offentleg fortau langs Flakkavågsvegen og felles leikeplass før det vert gitt bruksløyve til bustadar innanfor området.

6.2.2 Industri, BI1 og BI2


Innanfor føremålet for industri er utnyttingsgrada sett til 80 % BYA. Parkering kjem i tillegg, og det skal setjast av ein plass per tilsett. Maksimal tillate byggjehøgd er sett til 18 meter for bygningar, og 28 meter på kranar og andre installasjonar.

6.2.3 Naust, BN

Innanfor området er det eksisterande naust. Vi er ikkje kjent med at det er ynskje om ytterlegare utbygging i dette området, men planen opnar for at det kan førast opp naust i samsvar med føringar for dette i kommuneplanen.

6.2.4 Kai, SK

Eit område i sjø er avsett til samferdsleanlegg – kai. Her er det opna for utfylling i sjø og etablering av kai. Ved oppstart av planarbeidet vart det skissert ei aktuell plassering av kaianlegga innanfor dette området. Dette er laga ein illustrasjonsplan som er vist som utsnitt på plankartet, og som skal vere styrande for utforming av kaianlegga innanfor føremålet. Men det er i føresegne opna for at det kan gjerast mindre justeringar i høve illustrasjonsplanen når det gjeld retning og utforming av kai. Det er sett rekkjefølgjekrav til utarbeiding av situasjonsplan for kaiområdet før utbygging, der endeleg utforming av kai skal komma fram.



Figur 18 -Illustrasjon av planlagt kaianlegg innanfor SK

6.3 Trafikkløysing


Krysset mellom Flakkavågsvegen og Espevikvegen inngår i planområdet, tillegg til at ein del av Espevikvegen ligg innanfor. Statens vegvesen si handbok N100 (05.09.2019) er lagt til grunn, der Lokale vgar, L1, er nytta som dimensjoneringsgrunnlag. Ved utbetring av veg, skal vegbreidde vere 6,5 meter. Minste horisontalkurveradius er sett til 175, og vertikalkurveradius høgbrekk = 1700, lågbrekk = 1000 – i følgje handboka. Dette greier ein ikkje å tilfredsstille, lågaste horisontalradius er 43,25, medan vertikalradius for lågbrekk vert 500 og 1100, og 500 og 400 for høgbrekk.

I følgje handboka skal maksimal stigning vere 8,0%, og på delstrekningar med lengde under 100 meter og med horisontalkurveradius >400, kan maksimal stigning aukast til 10%. Veglinja har stigning lågare enn 8% bortsett frå eit parti på 99,5 meter der den er 12%.

I krysset med Flakkavågsvegen er stigninga 3% frå køyrebanekant og 5 meter inn på Espevikvegen, før stigninga går over til 12% med overgangskurve på 400 meter.

Det vert lagt til grunn at eit vedtak av detaljreguleringa og er ei godkjenning av fråvik frå handbok N100 for dei nemnde forholda knytt til radius og stigning.

Det er nytta siktkrav i tråd med frisikt i uregulert T-kryss, der $L1 = 105$ meter og $L2 = 10$ meter.



Figur 19 - Siktkrav for uregulert T-kryss, kjelde: handbok N100, Statens vegvesen

Avkørsler til bustadområdet er etablert med radius 7 meter, for å sikre tilkomst for lastebil. Siktkrav i tråd med frisikt for avkørsler er nytta her, der $L_1 = 105$ meter og $L_2 = 3$ meter.

Byggegrensa mot Espevikvegen er sett med avstand på 15 meter fra senterlinja i vegen. Byggegrensa langs Flakkavågvegen er sett til 12,5 meter fra senterlinja, i tråd med tilgrensande reguleringsplan i nord.

Vegen inn til industriområdet har breidde 6 meter.

6.3.1 Tilgjenge for gående og syklande

Fortauet langs Flakkavågsvegen er vidareført frå tilgrensande plan i nord til krysset ved Espevikvegen, med breidde 2,5 meter. Langs Espevikvegen på begge sider, er det sett av 3 meter eller meir til anna veggrenn for å mogleggjere eventuelle utvidingar i framtida.

7 Konsekvensutgreiing

7.1 Konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Planen har som føremål å legge til rette for industri på delar av området som er sett av til LNF-området i gjeldande kommuneplan. Det er og planlagt kaianlegg/utfylling i sjø.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Aktuelle punkt i vedlegg II til forskriften er punkt 11j), som gjeld næringsbygg, og punkt 13. Sjå utdrag av vedlegg II under.

11. ANDRE PROSJEKTER		
a)	Permanente konkurranse- og testbaner for bil og motorsykkel.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
b)	Anlegg for avfallsdisponering basert på forbrenning.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
c)	Renseanlegg for spillvann.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
d)	Opplagringsplasser for slamavleiring.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
e)	Lagring av skrapjern, herunder opphoggingsplasser for kjøretøy.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
f)	Prøvingsbenker for motorer, turbiner eller reaktorer.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
g)	Anlegg for produksjon av syntetiske mineralfibrer.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
h)	Anlegg for gjenvinning eller destruering av eksplosjonsfarlige stoffer.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
i)	Destruksjonsanlegg for dyreskrotter.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
j)	Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennytige formål.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
k)	Deponier for masse på land og i sjø større enn 50 dekar eller 50 000 m ³ masse.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
12. TURISME OG FRITID		
a)	Hoppbakker, skianlegg og skiheiser, taubaner og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
b)	Lystbåthavner.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
c)	Feriebyer, hotellkomplekser utenfor bymessige områder og tilknyttet utbygging.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
d)	Permanente campingplasser.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
e)	Temaparker, herunder golfbaner o.l.	Planmyndigheten. Plan- og bygningsloven.
13. UTVIDELSER ELLER ENDRINGER		
	Utvidelser eller endringer av tiltak nevnt i vedlegg I og vedlegg II som kan få vesentlige virkninger.	Jf. ovenfor

For vurdering av om tiltaket vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn er det i § 10 i forskrifterna lista opp kriteria ein skal ta utgangspunkt i, blant anna storleiken på tiltaket, bruk av naturressursar m.m.

Det finst ein rettleiar «Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes? – Vurdering etter § 10 i forskrift om KU», datert 29.06.2017. I denne blir det blant anna nemnd at omdisponering av (viktige) LNF-områder normalt vil utløyse konsekvensutgreiing. Februar 2020 kom det også ein ny rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet «Konsekvensutredninger for planer etter plan- og bygningsloven». Denne skal gi ei meir utfyllande skildring av KU-forskrifta, og tydeleggjere korleis forskrifter skal tolkast og kva krav som vert stilt.

Om planen utløyser krav til KU må i stor grad baseraast på skjønn. Gjennom dialog med kommunen har vi komme fram til at det må gjerast ei konsekvensutgreiing (utan planprogram), då ein vil beslaglegge areal både i sjø og på land som ikkje er avsett til utbygging i overordna plan, slik at ein får gjort ei vurdering av kva konsekvensar ei slik omdisponering vil ha for miljø og samfunn.

§21 i Forskrift om KU har ei opplisting av faktorar som kan verte påverka, og ein må i vurdere om tiltaket vil få vesentlege verknadar for desse gjennom KU'en.

Det er gjort ei vurdering av kva som er relevante faktorar opplista i §21 i denne saka, og konkludert med at fylgjande tema skal inngå i konsekvensutgreiinga:

Tema
1. Landskap
2. Naturmangfald på land og i sjø
3. Jordressursar
4. Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming
5. Strandsone
6. Infrastruktur og trafikk
7. Ureining og miljø

Alsaker Fjordbruk AS har i forkant av planarbeidet engasjert Rådgivande Biologar AS til å utarbeide ei konsekvensutgreiing naturmangfald og naturressursar med deltema naturtypar på land og i ferskvatn, naturtypar i saltvatn, artsførekomstar, friluftsliv og fiskeri og havbruk. Konklusjonar frå denne er innarbeida i KUen under, i tillegg til at den ligg vedlagt saka.

7.2 Metode

Krav til innhold i konsekvensutgreiing framgår av kapittel 5 i KU-forskrifta. Jamfør §17 første ledd siste punktum seier: «Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen, og være relevant for de beslutninger som skal tas». Dei ulike tema skal utgreiaast så langt som råd med grunnlag i tilgjengeleg informasjon og rapportar, i tillegg til naudsynte registreringar som vert gjort i samband med planarbeidet. Metodikken for KU'en er basert på Statens vegvesens handbok V712, versjon 1.1.2014.


Kvart tema vert vurdert ut i frå eit kriterieoppsett å ha stor, middels eller liten verdi. Vidare vert omfang vurdert, som er delt inn i veldig stor og stor positiv, middels positiv, lite positiv, ubetydeleg, liten negativ, middels negativ, stor og veldig stor negativ. Saman gir disse eit uttrykk for betydninga av konsekvensane i en 9-delt skala frå veldig stor negativ konsekvens (----) via ubetydeleg/ingen konsekvens (0), til veldig stor positiv konsekvens (+++).

Veldig stor negativ	Stor negativ	Middels negativ	Liten negativ	Ubetydeleg	Liten positiv	Middels positiv	Stor positiv	Veldig stor positiv
-4	-3	-2	-	0	+	2+	3+	4+

1. Med **verdi** meiner ein vurdering av kor verdifullt eit område eller miljø er. Verdi kan uttrykka gjennom tilstand, eigenskapar og utviklingstrekk for vedkommande og interesse/tema i det området tiltaket er planlagt.

2. Med **omfang** meiner ein vurdering av kva endringar tiltaket vert vurdert å medføre for dei ulike miljøa eller områda, og graden av disse endringane.

3. Med konsekvens meiner ein avvegning mellom dei fordelane og ulempene eit definert tiltak vil medføre. Konsekvensen fastsettast ved å samanstille opplysningane om rørte områder sin verdi med opplysningar om konsekvensens omfang. Prinsippet for å fastsette konsekvensenes betydning er illustrert i figuren under. Verdi og omfang ligg langs kvar sin akse, der øvre og nedre trinn på skalaene representerer ytterpunktata. Verdi og omfang vert vurdert ut frå dokumentasjonen som føreligg.



Omfang, verdi og konsekvens (Kjelde: Statens vegvesen, handbok V712)

For kvart tema skal det vurderast moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/ føringer for å redusere dei negative konsekvensane. Det skal gjerast greie for i kva grad dei ulike tiltaka sikrar måloppnåing av nasjonale og andre overordna målsettingar, og korleis dei innfrir planen sine målsettingar. Med grunnlag i dei utgreiingane som er gjennomført, skal det utarbeidast eit planforslag.

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Kriteria, normerte verdiar/krav	Skildring/analyse av konsekvensar	
Verdi: Stor, middels, liten	Omfang Stor positiv, middels positiv, liten positiv, ubetydelig, liten negativ, middels negativ, stor negativ	Omfang Stor positiv, middels positiv, liten positiv, ubetydelig, liten negativ, middels negativ, stor negativ

Konsekvens	4+, 3+, 2+, +, 0, -, 2-, 3-, 4-	4+, 3+, 2+, +, 0, -, 2-, 3-, 4-
------------	---------------------------------	---------------------------------

Konklusjon	
Avbøtande tiltak	

Typisk skjema; kvart tema (eller deltema) vert skildra i høve til verdi, omfang og konsekvensar.

7.3 Alternativ

I KU-forskrifta § 19, siste ledd heiter det: «Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativer til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstiller har vurdert, og, dersom ansvarlig myndighet krever dette, en utredning av relevante og realistiske alternativer.»

0-alternativet: Vi meiner at det mest realistiske alternativet til utbyggingsplanane er ei vidareføring av dagens situasjon. 0-alternativet er difor referansealternativet, som går ut på å oppretthalde dagens fysiske og planmessige situasjon.

Med ei utbygging i høve gjeldande reguleringsplan, vil ein kunne etablere næringsareal på begge sider av Espenvikvegen. Sørsida av vegen er i dag lite utbygd, men det ligg eit moderne sambruksfjøs som nyttar ein del av området til beite. Det er i tillegg eit lagerbygg innanfor dette arealet. Dei ubygde områda består av innmarksbeite, fulldyrka jord og skog.

Alternativ 1 - Planforslaget: Dette er utbyggingsalternativet slik det er føreslått i planforslaget. Målsettinga er ei lita utviding av arealet til industri jf. gjeldande plan, og i tillegg endre delar av føremål frå industri til landbruk sør i planområdet. Det er og lagt til rette for bustadføremål nord i planområdet, som ei vidareføring av føremålet i tilgrensande plan.

I planforslaget er det føreslått å omregulere ca 45 daa av området sør for Espenvikvegen til landbruksføremål, slik at eksisterande landbruksdrift kan halda fram og vidareutviklast, og for ivaretaking av urørt natur. I tillegg er det lagt til rette for ei vidareutvikling av næringsverksem på den austlege delen av området sør for Espenvikvegen. Alsaker Fjordbruk AS som driv med sjørelatert næring har behov for større kaianlegg, og det er difor i forslaget føreslått ei utviding av industriføremålet nordover langs strandlinja og ut i sjø i samband med den verksemda dei driv i området i dag. I tillegg er det langs fylkesvegen føreslått eit byggeområde med bustadar, som ligg i forlenginga av regulert bustadområde i tilgrensande reguleringsplan i nord mot Onarheim. Desse to tiltaka legg opp til ei omgjering av om lag 13 daa LNF-føremål avsett i kommuneplanen til byggeområde.

7.5 Tematisk utgreiing

1. Landskap

Området ligg delvis skjerma inne i ei vik, og terrenget skrår bratt oppover frå sjøen mot vest. Sørover er det noko dyrka mark og beite som ikkje er like bratt. Tysnes inngår i følgje Nasjonalt referansesystem for landskap i landskapsregion nr. 21 – Ytre fjordbygder på Vestlandet, der det for dette området er vanleg med dels bratte,

skogkledde åssider ned mot sjøen. Dette ser ein er typisk rundt heile Tysnes-øya. Landskapsrommet vert som følgje av dette redusert, men opnar seg mot fjorden mot nord.

Det er ikkje informasjon i tilgjengelege kartbasar på nett (naturbase, kilden-Nibio) registreringar som tyder på at landskapet i området har særskild verdi, og er utbygd med industri frå før. Verdien av landskapet vert sett til middels verdi.

0-alternativet

Ei utbygging i tråd med 0-alternativet inneber blant anna ei nedbygging av området sør for Espesvikvegen til industriføremål i tråd med gjeldande reguleringsplan. Denne delen av planområdet er frå før for det meste urørt, og består av dyrka mark, beite og skog, og utbygginga vil krevje ein del terrengeingrep om ein skal få plassert bygningar og vegar i området. Karaktertrekket for landskapsbiletet i dette området vil med dette verte endra til i framtida å vere dominert av bygningar og infrastruktur i motsetning til dagens oppfatning om eit tilnærma urørt landskap forutan det eine fjøset og lagerbygget som ligg i dag. Men høgareliggende åssider i aust og vest vil avgrense verknadane av utbygginga. Det vert også vurdert som formildande, at det er her snakk om ei vidareføring av eksisterande element i landskapsbilete i området, og ikkje nye framandelement.

Nord for Espesvikvegen er området stort sett utbygd i tråd med gjeldande plan.

Planforslaget

Planforslaget føreslår mindre endringar i høve gjeldande plan. Med dette alternativet vil ein bygge ned større områder langs vikastrandlinja, men ein får samstundes bevart verdifulle områder til landbruksareal i høve gjeldande plan. Ein vil få omgjort meir areal til LNF-føremål i høve gjeldande plan. Nordleg del av planområdet er bratt og lite tilgjengeleg i dag. Utvidinga av industriføremålet vil vere av mindre omfang, og innordne seg under eksisterande situasjon i området. Bustadområdet blir liggande høgare oppe ved fylkesvegen, med gode sol- og utsiktskvalitetar i forlenginga av regulert bustadområde.

Omfang

Det er vurdert at både 0-alternativet og planforslaget er av litt negativt omfang for landskap, då det i begge tilfella er snakk om nedbygging av landskapet. Samstundes er tiltaka vurdert å ikkje vere så store at landskapsbilets karaktertrekk vert endra i særleg stor grad, i og med at området langs sjø er utbygd med tilsvarende funksjonar frå før.

Tema: Landskap

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi:	Omfang	Omfang
Middels	Liten negativ	Liten negativ
Konsekvens	Liten negativ	Liten negativ

Konklusjon	Omfanget av nye tiltak er ikke vurdert til å vera store nok til å endre landskapsbilets karaktertrekk. Grunna det beskjedne omfanget kombinert med et landskap av middels verdi, vurderes tiltaket til å ha liten negativ konsekvens .
Avbøtande tiltak	Det vert forutsett at det i byggefase vert gjort optimaliserte terrengrilassingar så langt som råd for å få gode og naturlege overgangar mot eksisterande terren.

2. Naturmangfald

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova(§1) har følgjande føremål:

«*Lovas føremål er å ta vare på naturens biologiske, landskapslege og geologiske mangfold og økologiske prosessar gjennom berekraftig bruk og vern. Lova skal også gi grunnlag for menneske si verksemd, kultur, helse og trivsel, både nå og i framtida, også for samisk kultur.*»

Lova gir forvaltningsmål for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5) samt ei generell aktsemplikt (§6).

Offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap (§8), og krav til kunnskapsgrunnlag skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.


Når det vert teke ei avgjerd utan at det føreligg tilstrekkeleg kunnskap om verknadane den kan ha for naturmiljøet, skal det i følgje §9 – føre-var-prinsippet skal ein unngå om mogleg vesentleg skade på naturmangfaldet.

Jamfør §10 skal påverknaden på naturmiljøet vurderast ut frå samla belastninga som naturmiljøet er eller vil bli utsett for. Eventuelle kostnadar ved å hindre/avgrense skade skal berast av tiltakshavar, dersom dette ikke er urimeleg ut frå tiltakets og skadens karakter, jf. §11.

For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal det jamfør §12 nyttast driftsmetodar og teknikk som gir dei beste samfunnsmessige resultata.

Naturtypar

I Miljødirektoratets naturbase er det registrert ein viktig naturtype som strekk seg innover i sørleg del av planområdet. Naturtypen er «rik sump- og kildeskog» (registrert i 2009). I følgje tilhøyrande faktaark er det ikkje registrert spesielt sjeldne eller raudlista artar her. Vidare er det gitt råd om skjøtsel og omsyn; «*Det beste for naturverdiane er å la skogen få stå heilt i fred. Det bør heller ikkje gjerast inngrep i utløpet frå vatnet som kan endre vasstanden. Det er viktig å unngå ureining frå området i nord.*»




Figur 20 - Registrert naturtype med viktig verdi i sørleg del av område, kjelde: kart.naturbase.no

Raudlisteartar

Artar av nasjonal forvaltningsinteresse er artar som Miljødirektoratet vurderer å vera viktige å ta omsyn til, for eksempel i planprosessar. I den samanheng er desse artane kategorisert gjennom Norsk raudliste for artar. Raudlisteartar vert klassifisert på ein 5-trinns skala frå "nær trua" (NT), "sårbar" (VU), "sterkt trua"(EN), "kritisk trua" (CT) og "regionalt utdøydd" (RE). Det er arter vurdert til kategoriene kritisk trua , sterkt trua eller sårbar som blir definert som trua.

Det skiljes mellom artar av særleg stor forvaltningsinteresse og stor forvaltningsinteresse. Artar av særleg stor forvaltningsinteresse omfattar trua, prioriterte og freda artar, medan nær trua artar har stor forvaltningsinteresse.

Artskartet hjå Artsdatabanken.no viser at det er registrert tre raudlisteartar i eller nær planområdet, to på land og ein fugl registrert i sjøen. Den eine er tresorten Ask, som ligg like utanfor plangrensa. Stortrollurt er registrert innanfor bustadtomta lengst nord i planområdet. I tillegg er fuglen sjørre registrert næringssøkande i sjøen like utanfor planområdet i nordaust.



Figur 21 - Registrerte raudlisteartar i og omkring planområdet, kjelde: artskart.artsdatabanken.no

Elles er det registrert fleire andre livskraftige artar i og rundt området. Dette tyder på at det er gjort ein del registreringar i området, og det vert med dette vurdert at ein har eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag ut frå tiltakets omfang.

Verdien området har for naturmangfold vert vurdert som middels. Dette er i tråd med vurderingane gjort i KU av Rådgivende Biologer AS.

Naturverdiar i sjø

Rådgivande Biologer AS har i samband med sitt utgreiingsarbeid føretatt synfaring i sjø. Jamfør rapporten har naturtypar i sjø middels verdi, og artsførekommstar i sjø er vurdert til stor verdi. Planområdet er ein del av Onarheimsfjorden, og i følgje vann-nett er vasskvaliteten god. Det er god sirkulasjon i vatnet då den ligg ope til ut mot Kvinnheradsfjorden.

I følgje fiskeridirektoratet sitt temakart er det registrert eit større gytefelt for torsk som delvis ligg innanfor planområdet. Dette gytefeltet er kategorisert som mindre viktig. Det er eit mindre gyteområde overlappande med dette inne i vågen (registrert av Midthordland Fiskarlag).

Figur 22 - Gytefelt for torsk, kjelde: yggdrasil.fiskeridir.no

Figur 23 – Gytgeområde

Det er ikke registrert andre verna eller viktige naturverdiar innanfor eller nær planområdet i følgje tilgjengeleg informasjon.

0-alternativet

Utbygging i tråd med 0-alternativet vil kunne resultere i nedbygging av sørleg del av planområdet, der det finst ein viktig naturtype. Gjeldande plan er gammal, utarbeida før naturtypen var kjent. Følgeleg er det ikkje gjennom planen sikra avbøtande tiltak for ivaretaking av naturmangfald. Omfanget 0-alternativet vil få for naturmangfald vert med dette vurdert å vera middels negativt.

Planforslaget

Planforslaget legg opp til ei vidareføring av næringsareal i sørleg del, men føremålet vert avgrensa til den nordaustlege delen av området. I tillegg er det gjennom føresegnene sikra avbøtande tiltak slik at ei utbygging skal forringa kvalitetane for naturtypen i sør, blant anna når det gjeld ureining. Det er ikkje lagt opp til tiltak som vil verke negativt på dei registrerte sårbare artane i og nær området. Omfanget planforslaget vil få for naturmangfald vert difor vurdert til ubetydeleg.

Rådgivande Biologar AS har gjort ei vurdering av utbygginga i sjø, og verknadane på biologisk mangfald. Arealbeslag ved utfylling er vurdert å kunne ha middels til liten negativ verknad på naturtypen sukkertareskog, då store delar vil gå tapt. Men det vil kunne reetablerast oppå fyllinga, då det med stort sannsyn finst tareskog utanfor tiltaksområdet. Fjerning av tareskogen vil kunne påverke gytefelt for torsk, men tiltaket er vurdert til å ha liten negativ verknad då det er vurdert at yngel vil kunne ta i bruk tilsvarande områder i nærlieken. Auka

båttrafikk vert ikkje vurdert å ha negativ verknad på marine naturtypar. Tiltaket er på bakgrunn av dette vurdert samla å ha middels til liten negativ verknad på marine naturtypar.

Vurdering etter naturmangfaldlova

§8 – Kunnskapsgrunnlaget

Området er kartlagt i ulike basar som ligg tilgjengeleg på internett. Det er registrert nokre sårbare artar og ein viktig naturtype i området, men tiltaka vil ikkje verke negativt på desse då ein i planen har sikra avbøtande tiltak. Kunnskapsgrunnlaget vert vurdert til å vere tilfredsstillande ut i frå tiltakets omfang. I og med at naturmangfald i liten grad vert råka av planforslaget og det ikkje kan påvisast negativ effekt av planen på verdifull natur, legger vi til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar av §§ 9 til 12.

Tema; *Naturmangfald*


VERDI	OMFANG	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Middels (på land) Stor (i sjø)	Omfang Middels negativ	Omfang Ubetydeleg Middels til liten negativ
Konsekvens	Middels negativ (på land)	Ubetydeleg (på land) Liten negativ konsekvens (i sjø)

Konklusjon	Planforslaget vil medføre nedbygging av tilnærma urørt natur. Det er likevel ikkje avdekka forhold som vil verke vesentleg negativt på naturmangfaldet, då det vert lagt til grunn avbøtande tiltak ved bygging. Konsekvensen planforslaget vil ha for naturmangfald vert difor vurdert til å vera ubetydeleg .
Avbøtande tiltak	Føresagnene skal sikre at det ved utbygging i område sør for Espevikvegen vert gjort avbøtande tiltak slik at forholda for naturtypen i sør ikkje vert forringa. Utfylling i sjø er anbefalt av Rådgivende Biologer AS å utførast utanom torskens gyte- og yngelperiode (februar-april) og mest mogleg samanhengande.

	Desse krava vert innarbeida i føresegne til planen.
--	---

3. Naturressursar på land og i sjø

Området er i hovudsak regulert til utbyggingsføremål i gjeldande plan. Området sør for Espevikvegen har verdi som innmarksbeite, noko fulldyrka jord og skog av særleg høg bonitet jamfør markslagskartet til NIBIO.




Figur 24 - Markslagskart viser at dei ubygde områda i sørleg del består av noko fulldyrka jord, innmarksbeite, og skog. I nordleg del er det også noko skogareal, kjelde: kilden.nibio.no

Dominerande treslag er barskog i austleg del og lauvskog i vest. Vi er ikkje kjent med at området vert nytta til hogst i dag, og i følgje registrering av naturtypen som er gjort er vegetasjonen kategorisert som nyare vegetasjon, med ein del krattvekst. Dette tyder på at det kan vere noko missvisande at området har særskilt høg bonitet. Verdien området har for naturressursar vert vurdert til middels.

Fiskeri og havbruk

Fiskeri og havbruk er av Rådgivende Biologer AS vurdert å ha middels verdi i området. Det er fiskeriinteresser i form av fiskeplassar, rekefelt og låssettingsplasser i nærleiken av planområdet. Rekefelt og fiskeplasser ligg eit stykke utanfor vågen, medan låssettingsplassen ligg inst i vika, ved dagens kaianlegg. Ein liten del ligg innanfor planområdet.



Figur 25 - Fiskeinteresser i området, kjelde: Omega Areal AS

0-alternativet

Utbygging etter 0-alternativet vil få verknadar for jordressursane i området sør for Espevikvegen i form av at ein vil kunne bygge ned heile dette området til næringsføremål, slik at dyrka mark, beite og skogressursar går tapt om ein nyttar området fullt ut. Dette vil i hovudsak få konsekvensar for den landbruksdrifta som er i området i dag ved at dei ikkje har tilgjengeleg beite og dyrkingsareal i nærleiken. Området utgjer berre ein liten del av eit stort skogareal i området, og soleis er det snakk om små skogressursar som går tapt. Omfanget vert vurdert å vera litt negativt for tema naturressursar.

Planforslaget

Planforslaget vil beslaglegge ein del skogareal nord i området, men her er terrenget svært bratt, og følgjeleg lite eigna til tømmerhogst i stor grad. I høve gjeldande plan vert eit betydeleg mindre område i sørleg del utbygd, og følgjeleg vert omfanget planforslaget gir for naturressursar i området vurdert til å vera litt positivt.

Arealbeslag i samband med utviding i sjø er av Rådgivende Biologer AS vurdert å ha liten til middels negativ verknad for fiskeri og havbruk.

Tema; Naturressursar

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag


Verdi:	Omfang	Omfang
Middels (på land) Middels (i sjø)	Litt negativ	Litt positiv (på land) Liten til middels negativ (i sjø)
Konsekvens	Litt negativ (på land)	Litt positiv (på land) Middels til liten negativ (i sjø)

Konklusjon	Planforslaget vil samla sett legge til rette for ivaretaking av meir naturressursar på land enn kva gjeldande plan legg opp til. Ein stor del av området i sør vert bevart som LNF-føremål, og det er her verdiane ligg, med beite og dyrkingsareal. Konsekvensane for naturressursar vert følgjeleg vurdert å vera litt positiv . For fiskeri og havbruk er konsekvensane vurdert til middels/liten negativ . Detaljar rundt arealbeslag og trafikk i sjø er førebels ukjent og ikkje detaljprosjeiktert.
Avbøtande tiltak	Det er innarbeida i føresegnene at det ved etablering av kaianlegg og for skipstrafikk til/frå området, må takast omsyn til fiskeriinteressene i området.

4. Friluftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming

Dette tema rommar fleire faktorar, men grunna liten bruk av området for ålmenta i dag, vert dette vurdert under same punkt. I følgje Miljødirektoratet sin naturbase inngår planområdet delvis i to viktige friluftsområde. Det eine er Onarheim-Onarheimsfjorden kartlagt som eit viktig friluftslivsområde. I følgje skildringa av friluftslivsområdet, er det peika på at det er ved Onarheim kvalitetane hovudsakleg ligg. Her er det fiskemoglegheiter, mykje kulturhistorie og kulturminne, nokre turstiar/vegar og kyrkja. Dette ligg nord for planområdet.

Sletteskogen er eit viktig turterreng med turveg opp til Barnehovda, og restar etter kalkverksemrd, som har vore ei viktig næring for Tysnes. Sørleg del av planområdet inngår i dette friluftsområdet.



Figur 26 - Kartlagde friluftsområde, kjelde: kart.naturbase.no

Skildringa av dei to friområda tyder på at områda som ligg innanfor planområdet ikkje har særleg verdi for friluftslivet. Dagens bruk av området understrekar også dette, då det i hovudsak vert nytta til industri, landbruk i tillegg til nokre privateigde naust. Tilgjenga i området er også dårleg. Det er heller ikkje forhold som tyder på at området har verdi for folkehelse eller born og unge. Områdets verdi for dette tema vert vurdert å vera liten.

0-alternativet

Utbygging etter 0-alternativet vil medføre nedbygging av noko meir urørt natur, men det tyder ikkje på at dette området har særskild verdi for dette tema. Omfanget av 0-alternativet vert difor vurdert som ubetydeleg.

Planforslaget

Planforslaget vil med tilrettelegginga av bustadområde i nordleg del kunne tilføre området noko meir verdi for friluftsliv og barn og unge ved at det vert lagt til rette for meir busetnad og følgjeleg meir bruk av området. I samband med bustadane vil det bli lagt til rette for leike- og uteareal. Omfanget vert vurdert å vera litt positivt for temaet. Føresagnene skal sikre at det vert teke omsyn til universell utforming i samband med utbygging av næringsverksemder og bustadar så langt som råd.

Tema; *Friluftsliv, folkehelse, born og unge, universell utforming*

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet	Alternativ 1

	= dagens situasjon + gjeldande regulering	= nytt planforslag
Verdi: Liten	Omfang Ubetydeleg	Omfang Litt positiv
Konsekvens	Ubetydeleg	Litt positiv

Konklusjon	Området har liten verdi for dette tema, men planforslaget legg opp til auka bruk av delar av området for ålmenta. Konsekvensane for vert følgjeleg vurdert å vera litt positiv .
Avbøtande tiltak	Det er i planen lagt opp til bustadføremål med ei buffersone (friluftsføremål) mot industriområdet. Føresegne skal sikra at bruken er foreinlege, når det gjeld ureining/støy.

5. Strandsone

Området ligg for det meste innanfor 100-metersbeltet langs sjø. Tysnes ligg i følgje statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona i område med mindre arealpress. Det er ikkje forhold som tyder på at området har særleg verdi som strandsone, då den allereie er nedbygd med næringsverksemd/industrikai. Verdien vert sett til liten.

0-alternativet

Utbygging i tråd med gjeldande regulering vil auke nedbygginga av strandsona i området, men omfanget er lite då det er snakk om ei mindre utbygging i område lenger vekk frå sjøen enn dagens næringsverksemd. Det er positivt at ein legg opp til ei meir konsentrert næringsutbygging der det allereie er etablert i dag, slik at område med høgare strandsoneverdiar i andre område kan sparast. Omfang vert med dette vurdert til litt positivt.

Planforslaget

Eksisterande næringsverksemd er godt etablert i området frå før, både innanfor planområdet og på Onarheim i nord. Dei er avhengig av sjøareal, og har også behov for å utvide kaiareala sine. Kommunen er positive til å leggja til rette for auka næringsetablering i dette området for å styrke næringsgrunnlaget i kommunen. Som ovanfor, får ein konsentrert utbygging, og kan spara andre urørte område. Omfanget vert vurdert som litt positivt.

Tema; Strandsone

VERDI	OMFANG

	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Liten	Omfang Litt positiv	Omfang Litt positiv
Konsekvens	Litt positiv	Litt positiv

Konklusjon	Området har liten verdi for dette tema, men planforslaget legg opp til konsentrert næringsutbygging i allereie etablert næringsområde til fordel for å ta i bruk nye urørte område. Konsekvensane for vert følgjeleg vurdert å vera litt positiv .
Avbøtande tiltak	

6. Infrastruktur og trafikk

Eksisterande vegnett har låg trafikkmengd i dag. Verksemda det vert lagt til rette for er i hovudsak sjørelatert, då dei driv med akvakultur og vedlikehald av utstyr til dette. Men det genererer også ei viss mengd tungtrafikk på land i samband med levering av utstyr, og ei tettare utbygging vil truleg generere noko meir trafikk. Området ligg i utkantområde og følgjeleg er det ikkje så mange som vil verte råka av trafikken som vert generert. Vegstandarden på øya er stadvis dårlig noko som medfører at ein må halda låg fart og visa varsemd til andre trafikantar.

0-alternativet

Ei realisering av gjeldande plan legg opp til ein god del meir næringsføremål enn kva som finst i området i dag. Avhengig av kva verksemrd som etablerer seg vil ein kunne få endra trafikksituasjon i området.

Planforslaget

Jamfør gjeldande plan er arealet av næringsføremål redusert i planforslaget. Utvidinga vil i hovudsak vere knytt til eksisterande verksemrd i området, og det vil vere snakk om avgrensa auke i trafikkmengda som følge av dette. Trafikkforholda i området er vurdert gjennom planarbeidet, i dialog mellom kommunen og Statens vegvesen at det ikkje vil vere behov for omfattande tiltak for utbetring av vegnettet.

Tema; Infrastruktur og trafikk

VERDI	OMFANG
Stor nok til å leve, liten nok til å bry seg	Kvassanesvegen 4 5582 Ølensvåg

	0-alternativet = dagens situasjon + gjeldande regulering	Alternativ 1 = nytt planforslag
Verdi: Liten	Omfang Ubetydeleg	Omfang Ubetydeleg
Konsekvens	Ubetydeleg	Ubetydeleg

Konklusjon	Området ligg i utkantområde, og dagens trafikkmengd er låg. Omfanget av tiltaket er lite, og det er vurdert at det ikke vil vere behov for vesentlege utbetringar av eksisterande vegnett som følge av planlagde tiltak.
Avbøtande tiltak	Vegane innanfor området er regulert i tråd med Statens vegvesen sine vegstandardar. Grunna kurvatur og stigning på eksisterande vegnett vil ein ikke kunne tilfredsstille alle krav. Dette er nærmere skildra i kapittel 6.

7. Ureining og miljø

Sediment i sjø

Rådgivende Biologer AS har utført ei risikovurdering av sedimenta i området, med føremål om å fastslå om det er økologisk risiko knytt til spreiling av stadeigne sediment ved utfylling i sjø. Det er føretatt prøvetaking av sedimenta i sjø. Rapporten ligg vedlagt.


Risikovurderinga viser at sedimentet generelt hadde låge konsentrasjoner av miljøgifter, og konklusjonen i rapporten er at sedimenta litt under grenseverdiane for kva som utgjer økologisk risiko, og at tiltaksområdet kan frismeldast.

Avrenning til vassdrag og sjø

Både under anleggsfasen og i driftsfasen er det fare for spreiling av forureina stoff. Området ligg til sjø, og i tillegg er det tidlegare nemnd eit myrområde i sørleg del av planområdet som har status som viktig naturtype. Det er viktig at ein gjennom planforslaget sikrar at forholda i sjø og vassdrag ikkje vert forringa.

Støy

Jamfør støykartlegging frå Statens vegvesen ligg områda som grensar til fylkesvegane delvis i gul støysone.



Figur 27 - Støyvarselskart, kjelde: kartkatalog.geonorge.no

Vi er ikke kjent med at det er utfordringar med støy frå eksisterande verksemder innanfor planområdet i dag. Planen må sikre at støytihøva er tilfredsstillande for dei ulike føremåla.

Samla verdi for ureining og miljø vert sett til stor verdi.

0-alternativet

I føresegnehene knytt til gjeldande plan er det sett føringer for å avgrense verksemder som kan vere til sjenanse når det gjeld lukt, røyk eller støy. Slik kan kommunen avgrense negative verknadar gjennom kva som vert godkjent.

Planforslaget

Planforslaget legg opp til industriføremål og bustadføremål. Det vil vere viktig å sikre tilfredsstillande forhold for desse funksjonane gjennom å setje krav/avgrensingar i plan og føresegner. Med avbøtande tiltak vert omfanget vurdert til ubetydeleg.

Tema; Ureining og miljø

VERDI	OMFANG	
	0-alternativet	Alternativ 1
	= dagens situasjon + gjeldande	

	regulering	= nytt planforslag
Verdi: Stor	Omfang Ubetydeleg	Omfang Ubetydeleg
Konsekvens	Ubetydeleg	Ubetydeleg

Konklusjon	Krav til avbøtande tiltak og øvre støygrenser i føresegnehene skal sikre akseptable forhold. Forureiningsforskrifta er og med på å sikre dette. Konsekvensen planforslaget vil ha for ureining og miljø vert difor vurdert som ubetydeleg.
Avbøtande tiltak	Industri – Føresegner og forureiningsforskifta. Støyforhold – rettleiar T-1442, grenseverdiar for trafikk- og industristøy.

7.6 Samla konsekvens

Samla sett er konsekvensane av planforslaget vurdert som akseptable, då det ikkje er vurdert at tiltaka vil få store negative konsekvensar for nokre av tema. Det er og liten skilnad mellom konsekvensane av 0-alternativet og planforslaget. Planforslaget skårar noko därlegare på konsekvensar i sjø enn 0-alternativet då det vert lagt til rette for meir utbygging i sjø. På land vert konsekvensane vurdert som meir positive, då det er teke betre omsyn til naturmangfold og tilrettelegging for aktuell arealbruk.

Tema	0-ALTERNATIV = dagens situasjon framskrive jf. gjeldande regulering	ALTERNATIV 1 = nytt planforslag
Landskap	Litt negativ	Litt negativ
Naturmangfold	Middels negativ	Ubetydeleg (på land) Litt negativ (i sjø)
Naturressursar på land og i sjø	Ubetydeleg	Litt positiv (på land) Middels-litt negativ (i sjø)
Friuftsliv, folkehelse, barn og unge, universell utforming	Ubetydeleg	Litt positiv
Strandsone	Litt positiv	Litt positiv

Infrastruktur og trafikk	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Ureining og miljø	Ubetydeleg	Ubetydeleg

Nokre svært viktige kriteria for å lukkast er at det gjennom utbygging av området vert gjort avbøtande tiltak. Plankart og føresegner skal sikre ivaretaking av dette.

8 ROS analyse

8.1 Føremål

Føremålet med risiko- og sårbarheitsanalysar er å utarbeida eit grunnlag for planleggingsarbeidet slik at beredskapsmessige omsyn kan integrerast i den ordinære planlegginga, og at det kan gi betre grunnlag for beredskaps- og kriseplanlegging i samfunnet. «Å fremme samfunnssikkerhet i arealplanleggingen innebærer å gjøre en helhetlig vurdering av hva slags virkning planene kan ha på samfunnet og befolkningen. Dette samsvarer med det som var intensjonen da begrepet ble tatt inn i PBL.

- *Bidra til den enkeltes trygghet for liv, helse og eiendom.*
- *Bidra til å ivareta samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre en utvikling som truer viktige forutsetninger for dette.» (DSB rettleiar 2017)*

Uttrykk

Risiko uttrykker den faren som uønskte hendingar representerer for menneske, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjonar. Risiko er eit resultat av sannsynet for (frekvensen) og konsekvensane av uønskte hendingar (DSB).

Sårbarheit er eit uttrykk for eit system si evne til å fungera og oppnå måla sine når det blir utsett for påkjenningar (DSB).

Sannsyn er eit uttrykk for kor hyppig ei hending kan ventast å inntreffa. Vurderinga må byggja på kjennskap til lokale tilhøve, røynsler, statistikk og anna relevant informasjon.

Konsekvens er mogeleg verknad av ei hending.

8.2 Metode

ROS-analysen er utført i samsvar med rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (2017). Byggeteknisk forskrift – TEK 17 gir tryggleikskrav i forhold til naturfare (TEK 17 §7-1, 2, 3 og 4), der det er stilt krav om at byggverk skal utformast og lokaliserast slik at det er tilfredsstillende tryggleik mot framtidige naturkrefter.

Omega Areal AS vil nytte akseptkriterium for rangering av sannsyn og konsekvensar i samsvar DSB sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging» (2017, samt akseptkriteria frå TEK17 når det gjeld naturfarar dersom det vert avdekkja slike farar.

DSB sin rettleiar deler ROS-analysen inn i fem trinn:

1. Beskrive planområdet
2. Identifisere moglege uønskte hendingar
3. Vurdere risiko og sårbarheit (Sannsyn, konsekvens, usikkerheit)
4. Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit
5. Dokumentere analysen og korleis den påverkar planforslaget

Trinn 1 gir ei kort skildring av planområdet og planlagde tiltak. I dette tilfellet er dette gjort under kapittel 5.

I **trinn 2** skal ein identifisera moglege uønskte hendingar. Det er laga ei sjekkliste ut i frå liste med farekategoriar der det er vurdert om kategoriene er aktuelle å kartlegge for det aktuelle planområdet eller ikkje. Dei hendingane som vert vurdert å kunne vera aktuelle er vurdert, og det vert til slutt konkludert ut i frå kunnskapsgrunnlaget og den faglege vurderinga, om hendinga skal vurderast vidare i risiko- og sårbarheitsanalysen eller ikkje.

Trinn 3 er å vurdera risiko og sårbarheit av dei uønskte hendingane. Til dette vert det nytta eit analyseskjema gitt i rettleiaren frå DSB.

På bakgrunn av risiko- og sårbarheitsvurderinga i trinn tre skal det i **trinn 4** identifiserast tiltak for å redusera risiko og sårbarheit, eller avbøtande tiltak. Til dømes kan det vera aktuelt å legga inn relevante planføresegner og omsynssoner i plandokumenta.

Trinn 5 er å vurdere korleis hendinga påverkar planforslaget. Funn frå ROS-analysen må følgjast opp i planen.

Kriteria for rangering av sannsyn

Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
Høg	Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år	>10%
Middels	1 gong i løpet av 10-100 år.	1-10%
Låg	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år	<1%

For tryggleik mot flaum og stormflo set TEK17 §7-2 følgjande tryggleikskrav som må leggast til grunn:

F	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
F1	Høg	1 gong i løpet av 20 år	1/20

F2	Middels	1 gong i løpet av 200 år.	1/200
F3	Låg	1 gong i løpet av 1000 år	1/1000

For skred, jf. §7-3 gjeld følgjande sannsynsvurderinger:

S	Sannsynsklasse	Kor ofte kan ein vente hendingar:	Sannsyn (per år)
S1	Høg	1 gong i løpet av 100 år	1/100
S2	Middels	1 gong i løpet av 1000 år.	1/1000
S3	Låg	1 gong i løpet av 5000 år	1/5000

Kriteria for rangering av konsekvens

Rettleiaren legg opp til ei vurdering av dei tre konsekvenstypane «liv og helse», «stabilitet» (tidlegare kalla ‘miljø’) og «materielle verdiar».

«Liv og helse» skal vurderast ut frå talet på omkomne, skadde (varig og mellombels) eller andre som er påført helsemessige belastninger på grunn av den uønskte hendinga.

«Stabilitet» skal vurderast ut frå konsekvensar for befolkninga (tal og varighet) som blir råka av hendinga gjennom svikt i kritiske samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglende tilgjenge på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, tilgjenge etc.

«Materielle verdiar» skal vurderast ut frå direkte kostnadjar som følgje av den uønskte hendinga i form av økonomiske tap knytt til skade på eigendom.

Omfanget av konsekvensane blir vurdert i følgjande konsekvenskategoriar:

Konsekvenska tegoriar	Ufarleg	Ein viss fare	Alvorleg	Kritisk	Katastrofalt
Vekt	1	2	3	4	5
Liv og helse	Ingen eller små personskadar	Mindre skadar som treng medisinsk handsaming, ev. kortare sjukefråver.	Inntil 5 alvorlege personskadar, eller mange mindre personskadar, men med sjukefråver. Vesentlege helseplager og ubehag.	Inntil 4 døde, eller fare for inntil 10 alvorleg skadde.	Meir enn 4 døde eller 10 alvorleg skadde.

Stabilitet	Ingen eller ubetydeleg skade.	Mindre skadar som naturen sjølv utbetrar på kort tid.	Store skadar på ytre miljø, men som vil utbetrast på sikt.	Omfattande og langvarige miljøskadar som krev større tiltak	Omfattande og uopprettelege miljøskadar.
Materielle verdiar	Skadar for inntil 50.000 kr.	Skadar mellom 50.000 – 1.000.000 kr	Skadar mellom 1 – 20 mill kr.	Skadar mellom 20 - 100 mill kr.	Skadar for meir enn 100 mill kr

Vurdering av risiko og sårbarheit

Dei uønskte hendingane skal etter identifisering analyserast for å vise risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget.

8.3 Identifisering av mogelege uønskte hendingar

I dette delkapittelet vert mogelege uønskte hendingar identifisert gjennom ei konkret skildring. Hensikten er å leggje til rette for å vurdere risiko og sårbarheit og å kartleggje aktuelle førebyggjande tiltak i neste delkapittel.

Dersom dei mogelege uønskte hendingane har antatt høg risiko eller er representative for planområdet og utbyggingsføremålet, gir desse grunnlag for å vidare vise risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget. Dei uønskte hendingane vert i slike tilfelle vurdert vidare ved bruk av analyseskjema frå DSB.


Hending/ situasjon	Mogeleg uønskt hending?	
Naturhendingar	Ja	Nei
Er området utsett for eller kan planen medføre risiko for:		
Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe, lausmasseskred, kvikkleire)	x	
Flaum og erosjon (elv, bekk)		x
Stormflo, høg vasstand, store bølgjer og stigning av havnivå, isgang	x	
Ekstrem nedbør (overvatn)		x
Ekstrem vind		x
Skog- og grasbrannar		x
Andre uønskte hendingar	Ja	Nei
Kan planen få konsekvensar for eller kan planområdet verta påverka av:		
Trafikkulukker	x	
Skipstrafikk	x	
Industri og næringsliv i nærområdet	x	
Ureining (akutt og anna, ureining av grunn, deponi etc.)	x	

Transport av/ ulukke med farleg gods	x	
Brann og eksplosjon	x	
Dambrot		x
Støy til omgjevnadane	x	
Stråling (høgspent linje, radon)		x
Terrengformasjon (naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare)		x

Naturhendingar

8.3.1 Ras/ skred (steinsprang, snø, sørpe, lausmasseskred, kvikkleire)

I følgje NVE sin kartbase, Atlas, er ikkje området spesielt utsett for skredfare, men området er omfatta av aktsemdområde for snøskred.



Figur 28 - Aktsemdkart for skred, planområdet er omfatta av utlaupsområde for snøskred, kjelde: atlas.nve.no

Aktsemdkarta er utarbeida ved bruk av ein grovmaska høgdemodell (målestokk 1:50 000), der det ut frå gitte hellingar på fjellsida vert definert losneområder. Det er ikkje gjort feltarbeid ved utarbeiding av kartet, og effekten av lokale faktorar som f. eks. skog er derfor ikkje vurdert.


I NVE sin rettleiar «sikkerhet mot skred i bratt terreng» (2014), står det at det må komma opp mot 1-2 meter snø i løp av tre døgn før det oppstår ustabile forhold som kan resultere i snøskred.

Området er kystnært, og ikkje særleg snørikt. Vi er ikkje kjende med at det har vore snømengder i nærleiken av det som må til for å gi skredfare i dette området. Klimastatistikken viser at normal snødjupne i perioden etter 1971 i området er 25 – 50 cm.

Losneområda har avgrensa storleik, og ligg langt frå planområdet. Vegetasjon/trær i skråninga vil bidra til å minke moglegheitene for utløsing av skred.

Med bakgrunn i klima og snøtilhøva i området og at det ikkje er registrert aktuelle hendingar i området vurderer ein det slik at tryggleiken i området er akseptabel og i samsvar med byggeteknisk forskrift (TEK 10) sine krav om sikkerheit mot skred. Skog i skråninga vil også ta av for eit eventuelt snøskred. Dette er avklart med Tysnes kommune.

Kvikkleire



Figur 29 - <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>

Lausmassekart viser at området består av bart fjell med tynt dekke og forvitningsmateriale. I følgje NGU er det ikkje sannsynleg at det finst kvikkleire i områder med desse lausmassetypane, og følgjeleg vert det vurdert at området ikkje er utsett for utglidning.

Vi ser ikkje at ras/skred vil vere ei uønskt hending som må analyserast vidare med omsyn til risiko og sårbarheit.

8.3.2 Stormflo, høg vasstand, store bølgjer og stigning av havnivå, isgang

Planområdet ligg til sjø, og gjer det utsett for høgare vasstand i samband med at havnivået stig, og at ein har hendingar der ein får stormflo, som gjer at vasstanden vert ekstra høg. Industribygget innanfor planområdet ligg på ca kote +4.

Kommuneplanen for Tysnes har ei føresegn når det gjeld havnivåstiging og stormflo, der byggehøgda for overkant golv i 1. etasje ikkje skal vere lågare enn 2,5 m.o.h. Kommuneplanen er sist revidert i 2011, men er nå i ferd med å verta rullert. Etter 2011 er det komme ein ny rettleiar for havnivåendring frå Direktoratet for samfunnsikring og beredskap (DSB) der det er nytta nyare tal for havnivåendring, samt at sannsynet (gjentaksintervalla) er tilpassa krava i teknisk forskrift.

Vi har nytta Kartverket si nettside – Se havnivå for å finne forventa framtidig havnivå i Elsakervågen.

Anbefalte tall fra DSB	Høyder over NN2000
1000-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 3 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	193 cm
200-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 2 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	185 cm
20-års returnivå for stormflo (sikkerhetsklasse 1 i TEK10/17) med klimapåslag (ref. DSB)	173 cm

Figur 30 - Tabell fra Kartverket - se havnivå som viser havnivåendring+stormflo på Onarheim, kjelde: kartverket.no/sehavniva

Byggeområda som vert omfatta av havnivåstigning/stormflo kjem innanfor sikringsklasser 1 (naust) og 2 (industribygg) i TEK17, dvs. at lågaste golv må ligge på høvesvis kote 1,73 m ~ 1,80 m og 1,85 m ~ 1,90 m over dagens havnivå. I tillegg må ein ta omsyn til bølgjepåverknad. På grunn av usikkerheter, har vi valt å nytte same minste byggehøgde som i gjeldande kommuneplan. Føresegnerne skal sikre at bygningsdelar liggare enn dette må tolle vassinnntrenging.

Med ivaretaking gjennom føresegnerne som fastsett ei nedre byggjehøgd, **ser vi ikkje at dette vil vere ei uønskt hending som må analyserast vidare med omsyn til risiko og sårbarheit.**

Andre uønskte hendingar

8.3.3 Trafikkulukker

Auka utbygging, både med industri og bustadar kan føre til auka fare for trafikkulukker. Fylkesvegane i området har låg standard utan gang/sykkelveg. Planlagt bustadområde ligg langs fylkesveg Flakkavågsvegen, i forlenginga av eit regulert bustadområde i nord mot Onarheim. I denne planen er det regulert inn fortau langs fylkesvegen, med rekkjefølgjekrav om etablering av fortau langs vegen før utbygging av bustadar.

Planen sikrar tilhøva etter gjeldande krav og normer (Statens vegvesen sine handbøker) så langt som råd. Men grunna eksisterande situasjon vil det verte nokre fråvik når det gjeld stigning, radius mm. Dette er nærmere omtalt i kapittel 6 ovanfor. Det har vore dialog med Statens vegvesen i samband med reguleringsarbeidet, og tiltaka er vurdert til å ikkje vere av eit slikt omfang at det vert lagt opp til særlege utbetringar på fylkesvegane i området, ut over at ein regulerer og sikrar etablering av fortau langs Flakkavågvegen før utbygging av bustadar.

Trafikksikkerheit vil verte analysert vidare med omsyn til risiko og sårbarheit.

8.3.4 Skipstrafikk

Verksemda innanfor planområdet driv med vedlikehald av båtar knytt til oppdrettsnæringa. Planen legg til rette for utviding av kaiareala for at større båtar skal kunne komme til området. I samband med dette kan det oppstå uønska hendingar i samband med skipstrafikk.

Dette vil bli vurdert vidare med omsyn til risiko og sårbarheit.

8.3.5 Industri og næringsliv i nærområdet

Planområdet si arealbruk som industriverksemd, gjer at det kan oppstå uønska hendingar. Utover dei uønska hendingane «skipstrafikk», «ureining», «transport/ulukke med farleg gods», «brann/eksplosjon», og «støy» som vert vurdert som eigne tema, kan vi ikkje sjå at det er andre forhold som bør bli vurdert vidare med omsyn til risiko og sårbarheit. **Dette temaet vil difor ikkje bli vidare vurdert.**

8.3.6 Ureining

Ureining er eit tema i konsekvensutgreiinga. Rådgivende Biologer AS har utarbeida risikovurdering for ureina sediment på sjøbotn, i samband med at det er snakk om tiltak i sjø. Konklusjonen frå denne, er at det ikkje er ureining over grenseverdiane. Det er føreslått tiltak i samband med anleggsarbeid for å hindre ureining i sjø, som er innarbeida i føreseggnene.

Det er også eit myrområde som er klassifisert som ein viktig naturtype sør i planområdet. Dette må det takast omsyn til i samband med utbygging.

Denne hendinga vert vidareført i risiko og sårbarheitsvurderinga.

8.3.7 Transport av/ ulukke med farleg gods

Industriverksemda og nærleiken til overordna vegnett gjer at det kan oppstå uønska hendingar i samband med transport av/ulukke med farleg gods. **Denne hendinga vert vidareført i risiko og sårbarheitsvurderinga.**

8.3.8 Brann og eksplosjon

Verksemda innanfor planområdet kan skape uønska hendingar når det gjeld brann og eksplosjon. **Denne hendinga vert vidareført i risiko og sårbarheitsvurderinga.**

8.3.9 Støy til omgjevnadane

Vi er ikkje kjent med at det er problem med støy frå industriverksemda i området. Ei samlokalisering av industri og bustadar kan skape utfordringar. I tillegg er ein liten del av avsett bustadområde råka av gul støysone.

Støy er ei uønska hending, som vert vidareført i risiko og sårbarheitsvurderinga.

8.4 Vurdering av risiko og sårbarheit av uønskte hendingar

For hendingar som er vurdert som ei uønskt hending er det behov for å vidare vise risiko- og sårbarheitsforholda for å ivareta samfunnssikkerheita i planforslaget. Analyseskjemaet til DSB (2017) er noko forenkla og lagt inn i tabellform under.

Nr.	1	«Namn» uønskt hending	Trafikkulukker			
<i>Skildring av den uønskte hendinga</i>						
Nærleiken til fylkesvegar, uoversiktleg kryss og gåande/syklande						
Naturpåkjenning (TEK17)?		Sikkerheitsklasse	Forklaring			
Nei						
<i>Årsak</i>						
- Uoppmerksam trafikant						
<i>Eksisterande barriere</i>						
Ingen						
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjeving		
		x		Det er ikkje registrert trafikkulukker i Statens vegvesen sine vegkart, planen medfører ikkje stor auke i		

trafikkandel.					
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant	Grunngjerving
Liv og helse		x			Fartsgrense på 50 km/t er med på å avgrense konsekvensane.
Stabilitet				x	
Materielle verdiar		x			Materielle verdiar i samband med lege/sjukehusopphald, og skade på køyretøy.
Usikkerheit					
Låg	Vi er ikkje kjent med at det har vore trafikkulukker i området tidlegare				
Risikoreduserande tiltak					
Regulering av areal til fortau langs den mest trafikkerte strekninga/nær bustadar.					
Ivaretaking av siktforhold i kryss med frisiktsoner					

Nr.	2	«Namn» uønskt hending	Skipstrafikk						
<i>Skildring av den uønskte hendinga</i>									
Båtar som fer til/frå verksemda i planområdet kan komme til å feilmanøvrere									
Naturpåkjenning (TEK17)?		Sikkerheitsklasse		Forklaring					
Nei									
<i>Årsak</i>									
- Problem med manøvrering kan gjøre skade innanfor planområdet.									
<i>Eksisterande barriere</i>									
Ingen									
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjiving					
		x							
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant	Grunngjiving				
Liv og helse			x		Fartøya har låg fart, og er utstyrt med varslingssystem. Det er lite personoppophold nær sjøen, bygningar ligg med avstand til sjøen				
Stabilitet			x						
Materielle verdiar			x						
Usikkerheit									
Låg	Vi er ikkje kjent med at det har vore ulukker med fartøy i området tidlegare.								

Risikoreduserende tiltak	

Nr.	3	«Namn» uønskt hending	Ureining		
<i>Skildring av den uønskete hendinga</i>					
Naturpåkjenning (TEK17)?		Sikkerheitsklasse		Forklaring	
Nei					
Årsak					
<ul style="list-style-type: none"> - Tiltak i anleggsfasen og ukontrollerte utslepp i samband med drift av verksemda kan medføre spreiing av partiklar og farlege kjemikalie i natur på land og i sjø 					
Eksisterande barriere					
Forureiningslova					
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjeving	
		x			
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant	Grunngjeving
Liv og helse			x		
Stabilitet	x				Spreiing av ureina massar kan gi problem for dyre- og plantelivet i sjøen
Materielle verdiar			x		
Usikkerheit					
Låg	Prøvar har vist at sediment i sjø ikkje har uakseptable verdiar av farlege stoff. Vi er ikkje kjent med at det har vore uønska hendingar med spreiing av farleg stoff frå eksisterande verksemnd.				
Risikoreduserende tiltak					
I samband med planlagd utbygging har Rådgivende Biologer AS komme med anmodningar om tiltak i samband med anleggsfasen for å hindre negative konsekvensar for livet i sjø. Førsegnene skal sikre ivaretaking av dette.					

Nr.	5	«Namn» uønskt hending	Transport av/ulukke med farleg gods		
<i>Skildring av den uønskete hendinga</i>					
Transport på veg eller i sjø av kjemikalie eller liknande kan utgjere fare for ureining på land og i sjø, eller føre til eksplosjon/brann					
Naturpåkjenning (TEK17)?		Sikkerheitsklasse		Forklaring	
Nei					

Årsak				
- Fartøy med farleg gods kan kollidere/havarere og forårsake brann og/eller ureining				
Eksisterande barriere				
Låg vegstandard og fartsgrense er med på å redusere hastighet på køyretøy på land. Det er avgrensa aktivitet på sjø inne i Elsakervågen, som reduserar talet på konfliktpunkt.				
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjeving
			x	Det er ikke registrert trafikkuhell i området, og det er avgrensa trafikkmengd på vegane. Det er heller ikke aktivitet i området som tilseier at strekninga er spesielt utsett for transport av farleg gods. Båtane som skal inn til verksemda har ikke farleg gods om bord. Sannsynet for trafikkulukke der køyretøy med farleg gods er involvert, vert difor vurdert som lite sannsynleg.
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant
Liv og helse		x		
Stabilitet		x		
Materielle verdiar		x		
Usikkerheit				
Låg	De aller fleste uhell med transport av farleg gods skjer som følgje av reine trafikkuhell på veg, og er ikke relatert direkte til det farlege godset.			
Risikoreduserande tiltak				
Egenskapar ved veg, køyreforhold, eigenskapar på køyretøy, samt menneskelege faktorar (høg fart) spelar ei rolle for risiko.		Det er låg fartsgrense i området, og vi legg til grunn at køyretøy og førar av farleg gods har eigenskapar og kompetanse som gjer transporten sikrast mogleg.		

Nr.	6	«Namn» uønskt hending	Brann og eksplosjon			
<i>Skildring av den uønskte hendinga</i>						
Det er nokre nedgravne dieseltankar i området som vert nytta av verksemda. Ein eksplosjon/brann i/nær desse vil vere ei uønskt hending						
Naturpåkjenning (TEK17)?		Sikkerheitsklasse	Forklaring			
Nei						
Årsak						
- Antenning av dieseltankar						
Eksisterande barriere						
- Næraste brannstasjon er i Uggdal, ca 17 minutt køyretid frå planområdet						
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjeving		
			x	Sannsynet for at ein storbrann/eksplosjon vil råke planområdet vert vurdert som låg. Verksemda driv ikke		

				med spesielt risikofylt arbeid når det kjem til brann/eksplosjon. Dieseltankande er nedgravne og utstyrt med dobbel sikring.	
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant	Grunngjeving
Liv og helse			x		
Stabilitet			x		
Materielle verdiar			x		
Usikkerheit					
Ålg	Vi er ikkje kjent med at det har vore større brannar/eksplosjonar som har utgjort fare for planområdet				
Risikoreduserande tiltak	Vi legg til grunn at industriverksemder har strenge sikkerheitsrutinar for arbeid som vert gjort, slik at faren for at ei uønskt hending kan skje vert redusert				

Nr.	7	«Namn» uønskt hending	Støy						
<i>Skildring av den uønskte hendinga</i>									
I følgje dei næringsdrivande i området er det ikkje problem med støy frå verksemda. Dei driv med vedlikehald av båtar, og bruk av truck og heis/kranar, samt båttrafikk er det som lagar lyd i området.									
Naturpåkjennung (TEK17)?		Sikkerheitsklasse		Forklaring					
Nei									
<i>Årsak</i>									
<ul style="list-style-type: none"> - Auka aktivitet/fleire båtar til/frå området vil kunne skape auka støy og utviding av bustadområde nærmere industriområdet vil kunne medføre konflikt mellom beboarar og støyande verksemd - Trafikkstøy frå fylkesveg 									
<i>Eksisterande barriere</i>									
Forureiningsforskrifta set krav til støygrenser.									
Sannsyn	Høg	Middels	Låg	Grunngjeving					
		x							
Konsekvens	Høg	Middels	Små	Ikkje relevant	Grunngjeving				
Liv og helse			x	Menneske kan oppleve helseskade ved å bli utsett for varig støy					
Stabilitet				x					
Materielle verdiar				x					
Usikkerheit									

Middels	Næringsdrivande har opplyst om at dei ikkje driv med spesielt støyande aktivitet i dag.	
Risikoreduserande tiltak		
Sikre at støyforholda vert ivareteke for planområdet	Krav til tilfredsstillande støyforhold ved etablering av bygg for støyfølsam bruk eller uteoppahaldsområde, og eventuelt etablering av tiltak for å redusere støy.	

8.5 Samanstilling

Tiltak for å redusere risiko og sårbarheit

Samanstilling av aktuelle tiltak for å redusere risiko og sårbarheita.

Forslag til tiltak og mogeleg oppfølging	
Tiltak	Oppfølging gjennom planverktøy og anna
Korleis leggje til rette for tilstrekkeleg sikkerheit	
Trafikksikring innanfor planområdet	Regulering av fortau, sikre tilstrekkeleg sikt i kryss
Hindre ureining av natur på land og i sjø	Sikre gjennom føresegner at det ikkje vert gjort tiltak som skapar ureining
Tilstrekkeleg sløkkjevatn	I samband med godkjenning av byggjesøknad må det kunne dokumenterast tilstrekkeleg sløkkjevatn for bygningar med varig opphold jf. PBL §27-1.
Sikre akseptable støynivå	Planlegging av bygningar for varig opphold og uteoppahaldsareal slik at ein ikkje går utover anbefalte støynivå

Samanstilling av resultata

Samanstilling av analyseskjema for kvar uønska hending.

Uønska hending	Sannsyn	Konsekvens Kategoriar			Kommentar
		Liv og helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Andre uønskte hendingar					
Trafikkulukker	Middels	Middels	Ikkje relevant	Middels	Risikoreduserande tiltak i plan
Skipstrafikk	Middels	Små	Små	Små	

Ureining	Middels	Små	Høg	Små	Risikoreduserande tiltak i føresegner
Transport av/ ulukke med farleg gods	Låg	Middels	Middels	Middels	
Brann og eksplosjon	Låg	Små	Små	Små	
Støy til omgjevnadane	Middels	Små	Ikkje relevant	Ikkje relevant	Risikoreduserande tiltak i plan

9 Verknadar/ konsekvensar av planforslaget

Verknadane og konsekvensane av planforslaget er belyst gjennom kapittel 7 – Konsekvensutgreiing og kapittel 8 – ROS-analysen ovanfor. Gjennom utgreiingane har ein komme fram til ulike forhold som må sikrast i plankart og føresegner, for ikkje å skape negative verknadar for samfunn og miljø.

Elsakervågen er delvis utbygd frå før, med både bustadar, fritidsbustadar, naust, industri og landbruk. I tillegg er har området ein viss verdi for naturmangfald, både i sjø og på land, samt fiskeinteresser. Ytterlegare utbygging til industri vil naturleg nok gi konsekvensar for dei andre interessene i området. Tysnes kommune har behov for å legge til rette for meir sjøretta næringsareal, og det å legge slike areal til område der slike føremål er etablert frå før, er i tråd med både statleg og regional arealpolitikk. Ein har gjennom planforslaget prøvd å sikre ivaretaking av dei andre interessene i området, blant anna med krav for å hindre ureining, støy, terrengetilpassing med meir.

10 Innkomne merknadar

10.1 Samandrag frå innkomne merknader

Fylkesmannen	<p>Rår i frå utvidingar utover kommuneplanen, slike utvidingar skal skje gjennom overordna planlegging. Utfyllingar i sjø vert vurdert som konfliktfylt i høve strandsonevern og naturmangfald.</p> <p><i>Kommentar: Utvidinga utover LNF-området er avklart politisk i kommunen. Det er gjennom planarbeidet utført ei konsekvensutgreiing av verknadane utvidinga har for aktuelle tema, og ikkje avdekkja uakseptable konsekvensar. Strandsoneverndiar og naturmangfald i sjø er del av konsekvensutgreiinga. Ei utfylling og etablering av kai er ikkje vurdert å få uakseptable konsekvensar.</i></p>
Statens vegvesen	<p>Positive til at det vert vurdert utbetring av Espevikvegen, og bistår gjerne i vidare arbeid.</p> <p>Elles krav til byggegrenser, utforming av avkjørsler, krav til støyvurdering med meir.</p> <p><i>Kommentar: Tysnes kommune har vore i dialog med Vegvesenet gjennom planprosessen, der føreslalte løysningar har vorte presentert. Planforslaget følgjer handbøkene så langt som råd, men det lar seg vanskeleg gjera å oppfylla krav til radiusar og stigning på den eksisterande vegen. Det er sett av ein del areal ved krysset mellom Espevikvegen og Flakkavågsvegen om det vert snakk om utviding/justering i framtida.</i></p> <p><i>Med realisering av planen vil ein få på plass fortau langs Flakkavågsvegen.</i></p>
Mattilsynet	<p>Krav i Forskrift om vassforsyning og drikkevatn må ivaretakast. Ved flytting av jordmassar, må det ein sikre at ein ikkje spreier smitte som kan gi planteskade.</p> <p><i>Kommentar: Innarbeida i føreseggnene.</i></p>
Kystverket	Positive til at kaiforholda vert utbetra.

	<i>Kommentar: Tatt til orientering</i>
Fiskeridirektoratet	<p>Fiskeridirektoratet region Vest krev at det ved utarbeiding av planforslaget vert gjort ei særskild vurdering i planskildringa av verknadane planendringa vil ha for miljø og samfunn, med særlig vekt på konsekvensane for gytefeltet og bruken av låssettingsplassen i Elsåkervågen. Avbøtande tiltak må utgriast og tas omsyn til.</p> <p><i>Kommentar: Merknaden er imøtekommne, og forhold for å avgrense negative verknadar er innarbeida i føreseggnene.</i></p>
Hordaland Fylkeskommune	<p>Ein må sjå om ein finn naturlege grenser for kor industriverksemnd skal skiljast frå anna bruk i området, for å skapa tydlegare skjerming og auka tryggleik.</p> <p>Busslomme og trafikksikker tilkomst for gåande og syklande, universell utforming. Tema nemnd som del av KU i oppstartsvarselet.</p> <p>I etterkant av oppstartsvarsling utførte fylkeskommunen arkeologisk registrering i området. Det er laga ein oppsummerande rapport frå registreringa som ligg vedlagt. Det vart ikkje gjort funn av nye automatisk freda kulturminne.</p> <p><i>Kommentar: Det er gjort ei avveging av grensene mellom industri og tilgrensande føremål. I sør har ein avgrensa industriføremålet for å ivareta naturmangfald, og det er sett av ei buffersone (LNF-friluftsliv) mellom industri og bustadføremål i nord.</i></p> <p><i>Fortau langs fylkesveg er innarbeida i planforslaget, og krav til opparbeiding før utbygging av bustadar skal sikre gode forhold for gåande og syklande til Onarheim. Grunna stigningsforhold er det vanskeleg å tilfredsstille krav til universell utforming/stigning.</i></p>
Fiskarlaget vest	<p>Støttar uttale frå fiskeridirektoratet</p> <p><i>Kommentar: Tatt til orientering</i></p>
Knut Kvinneland	<p>Konflikt med fiskeinteresser i vågen. Utfylling i sjø, nye næringsområder vil rasere vågen. Vedlagt ligg skisse som er vurdert som forsvarleg plangrense i sjø.</p> <p><i>Kommentar: Området er allereie utbygd og nytta til industri. Ei utviding med vert vurdert å ikkje medføre betydelege endringar av situasjonen i området. Grunna auka aktivitet hjå verksemda, og at det er behov for lengre kaiar og djupare sjø for større båtar, har ein behov for å trekke plangrensa eit stykke ut i sjø. Det ligg ei grunne ute i vika, som ein ser føre seg å fylle ut til.</i></p> <p><i>Fiskeriinteresser vert ivareteke gjennom planforslaget.</i></p>
Kåre E Haugland (telefonsamtale)	<p>Behov for utviding av fv 78 grunna hytteutbygging (utanfor planområdet).</p> <p><i>Kommentar: Det er gjennom planarbeidet, saman med Vegvesenet konkludert med at denne planen ikkje utløyser behov for vegutvidingar, utanom at ein legg opp til fortau langs Flakkavågsvegen.</i></p>
Onarheim Fellesfjøs DA	Arealet rundt fjøset er viktig beiteareal. Området må setjast av til landbruk.

	<i>Kommentar: Merknaden er ivareteke, det er sett av ein betydeleg del til landbruksføremål i høve gjeldande plan.</i>
Helge Singelstad	<p>Notat frå telefonsamtale: Har interesser/merknadar til framtidig utnytting av sin eigedom. Har avtalt møte med Gerhard Alsaker.</p> <p>Tek det som sjølvsagt at synspunkt til planen vert tekne omsyn til på høveleg vis.</p> <p><i>Kommentar: Singelstad har anledning til å komme med innspel til planforslaget i høyringa.</i></p>
Nils Flakke (gnr 154 bnr 1)	<p>Har naustrett i planområdet. Utmark på eigedommen ligg innanfor plangrensa.</p> <p><i>Kommentar: Det er sett av område for naustføremål i planen, men vi er ikkje kjent med kvar Flakke har naustrett. Han har anledning til å komme med innspel i høyningsfasen. Gjeldande eigedom er i hovudsak avsett til LNF-føremål i forslaget.</i></p>

11 Avsluttande kommentar

Det er positivt at ein kan få samanhengande detaljreguleringsplanar frå Elsakervågen til Onarheim. Planen legg til rette for ei vidareutvikling, både av landbruksnæring, sjørelatert industrinæring samt etablering av fleire bustadar. Planen er i hovudsak i tråd med gjeldande regulering og kommuneplanen. Det planforslaget fårviker frå kommuneplan, er det allereie gjort eit politisk vedtak på at dette er noko kommunen ynskjer. Det er ikkje gjort funn av tilhøve som vil gi uakseptable konsekvensar for miljø eller samfunn som gjer at planen ikkje kan realiserast. Det er vurdert at dei positive verknadane med auka utnytting og bruk av området som næringsføremål er klart større enn dei negative verknadane planforslaget vil få.

12 Vedlegg

Vedlagte dokument følgjer planskildringa.

Dokument	Dato	Revisjonsdato
Plankart	05.05.2020	
Føresegner	05.05.2020	

Andre vedlegg

Innkomne merknader

Rapport frå arkeologisk registrering

Rådgivende Biologer AS – Risikovurdering av sediment

Rådgivende Biologer AS – Konsekvensutredning for biologisk naturmangfold, naturressurser og friluftsliv

SOSI- eksport og loggfil

Varslingsbrev/avisannonse i samband med varsel om oppstart